



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Sesselva kraftverk, Vestnes kommune Fråsegn til forenkla høring av planendringar

Vi viser til revidert søknad for Sesselva kraftverk 10.12.2013.

Vi viser vidare til vår fråsegn til opphavleg søknad om bygging av Sesselva kraftverk 05.07.2013. Vi viser óg til synfaring i området 24.10.2013.

Fylkesmannen opprettheld si motsegn i medhald av vannressurslova § 24 til dei omsøkte og reviderte planane for bygging av Sesselva kraftverk.

Dei reviderte planane for kraftregulering vil redusere konflikten til verdfulle naturtypar som er trekt fram og vektlagt i vår opphavlege fråsegn i saka. Her nemner vi spesielt bekkekløfter og eit særprega myrområde. Dei nye planane vil framleis påverke og redusere verdien av Liafossen som viktig landskapselement i nærområdet og som landskapselement på langt hold langs fjordlandskapet.

Kort om revidert søknad

I planendringa sendt NVE 9.12.2013 legges det fram to alternativ til endringar:

- Alt. 1: Flytting av inntak i Hoemselva og Sesselva frå hhv. kote 355 til 325 og 365 til 345 og justert trasé for overføringsrøret.
- Alt. 2: Flytting av inntak i Hoemselva og Sesselva fra hhv. kote 355 til 275 og 365 til 282 og boring av tunnel.

Fylkesmannen si vurdering

Biologisk mangfald

Vi ser det som positivt at ved eit inntak i Sesselva ved kote 283, unngår ein inngrep i det biologisk verdfulle myrområdet på sørsida av elva. Ulempen ved dette alternativet er at det vert naudsynt med eit vesentleg terrenginngrep sentralt i bekkekløfta på grunn av anleggsvegen ned til elva og ulike anleggstiltak i det bratte kløfteområdet der dam/terskel

skal byggast og med påfølgjande redusert vassføring nedafor inntaket i denne viktige naturtypen.

Alternativet ved å flytte inntaket i Sesselva til kote 340 vurderer vi til å gi eit mindre inngrep i elva, men den negative konsekvensen av redusert vassføring vil omfatte heile bekkekløfta. Grøftearbeidet vil skje i nedkant av myra, og dei negative konsekvensane vil bli mindre enn først planlagt. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at også dette alternativet kan få ei drenerande effekt på myra. Fagleg sett vurderer vi overgangssona mellom den spesielt registrerte myra og bekkekløfta som ein viktig del av den naturfaglege heilskapen i denne delen av utbyggingsområdet.

Vi vil merke at for dei nye alternativa for Sesselva er det oppgitt forskjellige inntakshøgder på kartet og i plandokumentet, men dette har ikkje noko å seie for vår vurdering. Det er meir uheldig at det ikkje er brukt same kartgrunnlag når det gjeld høgdekoter for den øvre delen av Sesselva slik som for Hoemselva. Dette ville gi eit betre inntrykk av bekkekløfta og konsekvensar i terrenget av eit inntak ved kote 283.

Landskap/friluftsliv, fisk og vassdragsøkologi, INON (inngrepsfrie område) og forureining
Vi viser til vår fråsegn 05.07.2013. Til den reviderte søknaden har vi til desse fagområda ikkje vesentlege merknader.

Konklusjon

Vi viser til vår opphavlege fråsegn om naturfaglege verdiar i influensområdet. Dei reviderte planane vil framleis i for stor grad redusere viktige natur- og landskapselement. Vi vil igjen peike på at andre liknande vassdrag i kommunen no får sitt opphavlege natur og fosselandskap redusert/utbygd til kraftformål (Fosåna inst i Tresfjorden og Misfjord ved Flatevågen). Sesselva er det det siste, urørde vassdraget av denne typen i kommunen.

Fylkesmannen opprettheld si motsegn til utbygging av omsøkte vassdrag.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. Fylkesmann

Lindis Nerbø
miljøverndirektør

Fagsaksbehandlar

Biologisk mangfald, Kjell Lyse, tlf 71 25 84 26

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.